

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering, Per Morten Ekerhovd, meldte seg ugild i denne saka, jfr. forvaltningslova § 6 2. ledd. Avdelingsdirektør for innovasjon og næringsutvikling, Bård Sandal, har vore settedirektør i saka.

Gunn Åmdal Mongstad, SP, stilte spørsmål om ho var inhabil då ho er medlem i styret i Det Vestnorske Teater(DVT) og i Førde internasjonale folkemusikkfestival. DVT og Førde internasjonale musikkfestival har søkt om tilskot. Mongstad gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Mongstad var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Symphorien Pombe, SV, stilte spørsmål om han var inhabil då han er medlem i stiftinga «Kystkultur no !. Stiftinga Kystkultur no ! er ein av sækjarane. Pombe gjekk frå under vurderinga av om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Pombe var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Senea Sabanovic, A, stilte spørsmål om ho var inhabil då ho er styremedlem i Teater Vestland AS. Teater Vestland AS er ein av sækjarane. Sabanovic gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Sabanovic var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Lise-May Sæle, H, stilte spørsmål om ho var inhabil då ho er varamedlem i Teater Vestland AS, men har ikkje møtt. Teater Vestland AS er ein av sækjarane. Sæle gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Sæle var habil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Øyvind Strømmen, MDG, stilte spørsmål om han var inhabil, då stiftinga Hardanger og Voss museum hadde søkt om tilskot. Kona hans arbeider for stiftinga Hardanger og Voss museum, i Kabuso, som søknaden gjeld. Ho har si konkrete arbeidsplass i Kabuso. Strømmen gjekk frå under vurderinga av om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Strømmen var inhabil etter forvaltningslova § 6 2. ledd.

Sæle tiltredde møtet.

Det var 11 medlemmer tilstades.

**Stian Davies, A**, sette fram slikt forslag:

«Saken vert sendt tilbake til fylkesdirektør

1. Grunnet feil i sakspapira vert saka sendt tilbake til fylkesdirektør og vert behandla i neste hovedutvalgsmøte.»

**Avrøysting (til utsetjing)**

Davies sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Saka vert sendt tilbake til fylkesdirektør og vert behandla i neste hovudutvalsmøte.